# „Jesus kjennert på sårmerki"

Tormod Vågen fortel: – Ein truande mann hadde ei syn eingong. Han såg ein strålande mannaskapnad koma til seg. Bufager å sjå til. Den truande mannen tala til den andre, og spurde kven han var. „Eg er Jesus, Guds son!" svara hin. „Aa – syn meg hendene med såri etter naglane då!" – med eitt var den ljose, strålande mannen borte. Det var nok ikkje Jesus. Djevelen kan stundom syna seg i ein ljosengleskapnad. Men han har ikkje merke etter naglar og spjot, som Jesus.

Då Jesus synte seg for Tomas, sa han: „Kom hit og sjå hendene mine, og sting handi di i sida mi! Og ver ikkje vantru lenger, men truande!"

Jesus vert kjend av sårmerki.

(Joh. K. L. Rydland.)